

Bragdstaup

Leander Øy

Leander har hatt fotballmiljøet tett på sidan han var liten.

Med ei Mamma, Pappa, storebror og bestefar som ivrige fotballspelarar, var det naturleg at det vart den vegen for Leander også.

Sjølv om det ofte kunne sjå ut til at han ikkje hadde den same interessa, med hyppige besøk i fotballkiosken der det bugna med gode sjokoladekaker og vafler.

I ettertid har han sagt at han var for lat til væra utespelar og vart difor keeper.

Sidan har det gått slag i slag for den talentfulle keeperen. Leander spelte barnefotball og ungdomsfotball i Jotun.

Han vart teken ut til Eqvinor talentleir i 2015

I 2019 gjekk han inn i seniorfotballen med pappa Ivan som trenar i ÅFK.

Kom på skyggelandslaget både i 2018 og 2019.

Frå ÅFK flytta han vidare til Sarsborg for å gå på toppidrettsgymnas. I 2021 signerte han sin fyrste proffkontrakt med Sarsborg 08. Leander har funne seg godt til rette i Sarsborg og er framleis ein del av klubben.

Leander har alltid vore ein godgut som var lett å bli glad i. Blid, gløgg, kjekk og snill.

Da han i 2022 gjekk ut med dei utfordringane han sleit med i forhold mat, kom det som ei overrasking på oss alle.

Leander er eit førebilete på fotballbana men da han gjekk ut og fortalde opent og ærleg om utfordringane han sleit med, understrekar det berre kva stort forbilde han er.

IL Jotun ynskjer Leander all muleg lykke til med fotballen framover.

IL Jotun fotball, 13.03.24